

## Endring i løysingsforslaget side 162 i Rettslære 1 (1. opplag) NYN

### LØYSINGSFORSLAG

Arvetvisten mellom attlevande ektefelle Marte, livsarvingane Lars, Johan og Katrine og testamentsarvingen Katrine blir drøfta og løyst ut frå reglane i arvelova frå 1972 og ekteskapslova frå 1991.

Vi reknar først ut verdien av dødsbuet. I mangel av haldepunkt for skeivdelingskrav skal felleseiget delast likt etter ekteskapslova § 58, jf. § 77. Dødsbuet utgjør kr 2 700 000.

Neste spørsmål er kva kvar enkelt arving har krav på dersom det skal skiftast no.

Marte har krav på ein firedel av arven eller 4G, jf. arvelova § 6(1). Firedelen utgjør kr 675 000. Marte vel firedelen fordi 4G berre er kr 400 000.

Martes rett går føre retten til livsarvingane og testamentsarvingen fordi Marte ikkje hadde kjennskap til testamentet, jf. arvelova § 7. Marte er derfor ikkje berørt av testamentet.

Det står att kr 2 025 000 som livsarvingane og eventuelt testamentsarvingen skal dele. Livsarvingane har i utgangspunktet krav på  $\frac{2}{3}$  av kr 2 700 000 som er kr 1 800 000. Det gir kr 900 000 til kvar av greinane. Lars og Johan får  $\text{kr } 900\,000 / 2 = \text{kr } 450\,000$  kvar. Etter dette står kr 1 125 000 til disposisjon for Katrine der kr 900 000 er vanleg slektsarv, og kr 225 000 er testamentsarv. Resultatet blir:

Marte får	kr 675 000
Lars får	kr 450 000
Johan får	kr 450 000
Katrine får	kr 1 125 000
SUM	kr 2 700 000

Neste spørsmål er i kor stor grad Marte kan overta buet uskifta.

Marte har, som attlevande ektefelle, rett til å ta over felleseiget utan å skifte med eigne livsarvingar, jf. arvelova § 9(1). Retten til å sitje i uskifte med særskild livsarving er derimot avhengig av samtykke, jf. arvelova § 10 første punktum. Sidan Katrine er særskild livsarving, og ho ikkje har gitt samtykke til uskifte, har Marte berre rett til å overta felleseiget uskifta i forhold til barna, Lars og Johan. Konklusjonen blir at Katrine skal ha kr 1 125 000 utbetalt. Resten av verdiane kan Marte overta uskifta.